

Årsrapport 2020



Kjærleik
til ekte
vare går
i arv



Med lidenskap og kunnskap om foredling av ekte frukt og bær har familien Lerum sidan 1907 safta og sylta i Sogn.



HJÅ OSS I LERUM ER BEREKRAFT EI SJØLVFØLGE

Det har det vore sidan augustdagen i 1907 då to stampar med bær vart ståande att på kaien på Sørheim. Vi kan ikkje kaste bær, sa Kari Lerum. Og slik oppstod Lerum.

Sidan den gong har Lerumfamilien safta og sylta bær gjennom fire generasjonar med handverkstradisjonar, og vore ein pådrivar for lokal utvikling.

Å foredle betyr å bevare. Å ta vare på. For vår bækkrets handlar det om å ta vare på naturen. Frukt og bær. Menneske. Ernæring. Og lokalsamfunnet som vi er ein del av.

Som den vesle, norske utfordraren kan vi ikkje vere best på alt. Men vi kan vere best på det som ligg i kjernen av vår natur – frukt og bær. Og skal vi få til noko stort på ein liten plass, må vi løfte saman med tilsette, forbrukarar, næringsliv og myndigheiter.


Skal vi få til noko på ein liten plass, må vi løfte i lag.



Kjærleik til ekte vare går i arv

TA VARE PÅ

Vårt samfunnsoppdrag er å ta vare på saft- og syltetøybygda vår, og dyrke kjærleiken til frukt og bær. Vi skal ta vare på naturen, foredlinga, ernæringa, menneske og lokalsamfunnet som vi er ein del av.




MATSVINN

Det har vore jobba systematisk med å redusere matsvinnet vårt i 2020. Vi har oppnådd signifikant reduksjon i matsvinn for syltetøy med 30 % og for saft med 22 %. Vi har framleis utfordringar med matsvinn på andre produktområde, slik at vi totalt sett ligg på same nivå for 2020 som 2019. Vi jobbar aktivt med å forbetre oss på dette.

41 % SUKKERREDUKSJON I DRIKKEKLAR SAFT OG SYLTETØY SISTE 5 ÅR

Jakta på den gode smaken driv innovasjonsarbeidet vårt. Fleire og fleire forbrukarar ønskjer sukkerfritt. Vi er stolte over at vi dei siste 5 åra har redusert gjennomsnittleg sukkerinnhald i drikkeklar saft og syltetøy med 41 %.



Kjærleik til ekte vare går i arv


HISTORISK LANSERINGSÅR MED HEILE 18 LANSERINGAR FRÅ SAFTBYGDA

Aldri før har det vorte lansert så mykje nytt og spennande. I 2020 blei det lansert historisk mange produkt, i tillegg til nye kategoriar for Lerum. Verdas første smørbar Smoothie blei lansert. I Smudi-pålegg får du frukt og bær blanda med fruktjus, som i ein smoothie. Eller kva med Lerum sitt gode gamle Originalsyltetøy utan tilsett sukker? 97 % saft utan tilsett sukker kom med to nye smakar, bringebær og blåbær. Eller kanskje du er meir interessert i ZERoh! brus? There's a new Brus in town you know. ZERoh! har også lansert is i samarbeid med Hennig-Olsen is.



HØGASTE MARKNADSANDEL SYLTETØY PÅ 113 ÅR


Syltetøykategorien hadde ein vekst på 3,8 % for første gang på mange år, og Lerum tok andeler. Lerum hadde ein vekst på 23,3 % i verdi og 20 % i volum. Det var dei solide produktseriane som bidrog i tillegg til nyheitene. Spesielt 80 % Utan tilsett sukker syltetøy hadde nok eit fantastisk år med ein vekst på 27 %. 2020 blei også året med høgaste marknadsandel gjennom tidene med 28,5 %.



Kjærlig til ekte vare går i arv

MARKNADSLEIAR PÅ SAFT OG VEKST PÅ SUKKERFRITT

Lerum er marknadsleiar på saft med 52 % verdiandel. I kategorien hadde Lerum ein vekst på 14,6 % i verdi og 10,7 % i volum. Også her var det sukkerfritt som hadde størst vekst: Utan tilsett sukker saft med ein vekst på 24,5 % i volum.



Tidene har endra seg sidan våre oldreforeldre laga saft og syltetøy for over 100 år sidan. Heile 15 av våre lanseringar i 2020 var utan tilsett sukker. Jakta på den gode smaken driv vårt innovasjonsarbeid. Vi er stolte av å ha fått Superior taste award for 80 % jordbærsyltetøy utan tilsett sukker for sin gode smak.



ZERoh! I KRAFTIG VEKST

ZERoh! fortset å ta marknadsandelar innanfor saftkategorien.

ZERoh! har etablert seg godt i Sverige, og er i fin vekst. I 2020 selde vi 2,5 millioner liter ZERoh! til Sverige.




Kjærlig til ekte vare går i arv

SAMAN TEK VI VARE PÅ KVARANDRE



2020 har vore eit spesielt krevjande år med Covid-19. Vi i Lerum har teke vare på kvarandre og har hatt gode smittevernstiltak. Produksjon har gått som normalt og sjukefråværet for 2020 var 2,9%



NØKKELTAL KONSERN

NØKKELTAL KONSERN	2020	2019	2018
Eigenkapital	200,8	179,0	173,5
Netto driftsinntekter	630,9	546,6	528,0
Driftsresultat	45,4	19,2	15,3
Driftsmargin	7,2 %	3,5 %	2,9 %
Resultat før skatt	41,4	14,1	10,0
Sjukefråvær	2,9 %	3,2 %	3,1 %



Kjærlig til ekte vare går i arv

ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET

I Lerum sameinar vi stolte tradisjonar og djup innsikt på søting, frukt og bær med målretta innovasjonsarbeid.

Lerum gjennomførte i 2020 den største produktlanseringa nokon gong, med lansering av Smudi-pålegg, ZERoh! brus, Lerum Original Syltetøy utan tilsett sukker og nye smaksvariantar i etablerte merkevarerier; totalt 18 produktlanseringar. I 2020 var heile 15 av desse utan tilsett sukker. Dei siste fem åra har Lerum redusert gjennomsnittleg sukkerinnhald i syltetøy og saft med heile 41 %.

2020 har vore eit spesielt år for alle. For Lerum har det vore eit godt arbeidsår. Det har vorte jobba med forbettringsprosessar på mange område. Tala viser at det har gitt gode resultat. Vi ser tydelege effektar av samlokaliseringa og året har vist kva som ligg i organisasjonen. I tillegg har vi hatt god drahjelp av auka sal i norske daglegvarebutikkar som følgje av pandemien.

I marknaden hadde Lerum ein volumvekst i 2020 på 11 % for saft og 20 % for syltetøy. I tillegg har det vore solid vekst i sal av ZERoh! i Sverige. Totalt sett har Lerum styrka sin marknadsposisjon gjennom 2020.

Sjukefråværet i Lerum var på imponerende 2,9 % i 2020. Trass volumvekst og strenge smitteverntiltak har vi oppretthalde full produksjon gjennom året. Vi er svært fornøgd med samspelet og innsatsen dei tilsette har lagt ned i alle ledd av organisasjonen.

I 2020 har vi konkretisert arbeidet rundt berekraft i form av ein eigen berekraftsstrategi. For oss i Lerum betyr berekraft å ta vare på. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredlinga, ernæringa, menneska og lokalsamfunnet. Det har Lerum gjort i 113 år og det skal vi gjere enno meir av framover.

For Lerum som stadig investerer tungt i innovasjon, marknadsutvikling og anlegg er det avgjerande at avgifts nivået er føreseieleg og stabilt lågt over tid. På den måten fjernar ein motivet for grensehandel og legg best mogeleg til rette for å ta vare på norske arbeidsplassar. Vi ser fram til eit spennande 2021!



Trine Lerum Hjellhaug

Trine Lerum Hjellhaug
Adm.direktør 2020



Stein Klakegg

Stein Klakegg
Adm.direktør 2021



Kjærlig til ekte vare går i arv



Lerum

Kjoerleik til ekte vare går i arv